


KYRKJEBLAD



B

FULLDISTRIBUSION
RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb.122,6659 Rindal

Desember 2010

«Og til hans namn skal folkeslaga setja si von.» Matt 12.21

Nr. 6 - 70. årgang

Folkefrelsar, til oss kom

Folkefrelsar, til oss kom,
fødd av møy i armodsdóm!
Heile verdi undrast på
kvi du soleis koma må.

Herrens under her me ser,
ved Guds Ande dette skjer.
Livsens ord frå himmerik
vert i kjøt og blod oss lik.

Utan synd han boren er
som all synd for verdi ber.
Han er både Gud og mann,
alle folk han frelsa kan.

Frå Gud Fader kom han her,
heim til Gud hans vegar ber,
ned han fór til helheims land,
oppfór til Guds høgare hand.

Du som er Gud Fader lik,
ver i vanmakt sigerrik!
Med din guddoms velde kom,
styrk oss i vår armodsdóm!

Klårt di krubbe skina kan,
ljuset nytt i natti rann,
naud og natt til ende er,
trui alltid ljuset ser.

Lov og takk, du Herre kjær,
som til verdi komen er!
Fader god og Ande blid,
lov og takk til evig tid!

Frå 300-talet, Ambrosius/Støylen




Foto: Lars Flatvad

Evangeliet til alle folk i vårt slektsledd.

Dette var mottoet for dei 1.200 kristenleiarane som var samla til den store misjonskonferansen i Edinbourgh i 1910.

I år er det hundre år sidan, det er eit spesielt misjonsår med fleire store misjonskonferansar, den største var Lausannekongressen i Cape Town i oktober. Målet er nærare i dag enn for hundre år sidan. Ja, vi kan seia at målet er nådd dersom ein tenkjer det kristne evangeliet til alle land. Den kristne kyrkja veks i eit tempo som aldri før i verdshistoria. Og konferansen i år med 4.500 delegatar var meir økumenisk enn for hundre år sidan, eller frå den første protestantiske Lausanne-kongressen i 1974, for no var ikkje berre protestantar med, men også katolikkar, ortodokse og pinsevener, og ikkje berre frå kyrkjene i Vesten, men frå heile verda. Møtet utfordra til fornya engasjement for å nå folkegrupper og geografiske område som ikkje har eit levande nærver av vitnespyrde

om Jesus.

«Kristi evangelium er den viktigaste og mest fantastiske budskapet i historia,» sa Lindsay Brown, generalsekretær i Lausannerørsla.

Samtidig vart også verdas kyrkjeleiarar mint på kva det kostar å følgja Jesus der kristne blir utsett for forfølgjing og lidning. I dag opplever 200 mill kristne forfølgjing for si trus skuld. Kristne frå Kina fekk ikkje lov til å delta på kongressen, og kinesiske dataekspertar har også prøvd å forstyrre nettverket på kongressen og skapt store problem for avviklinga der møtet skulle overførast til 95 land. Men kristen misjon kan ikkje stoppast.

Vi minnest igjen at Gud synleg kom inn i vår verd ved Jesus Kristus. Advent og jul er også misjonstid. Jesus kom for alle menneske.

Velsigna julehøgtid!



ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

Konfirmantane

Konfirmantundervisninga er godt i gang! Vi har hatt konfirmantleir for Gjemnes og Øre på Phillipshaugen i Øksendal. Stemninga var god heile tida, og programmet veksla mellom leirkveldar med mykje lek og moro, undervisning, gruppearbeid, fritid, samhandlingsløype og ein spesialbygd gudsteneste laurdag kveld.

Takk til konfirmantane for godt samarbeid og svært positiv innstilling! Og stor takk også til leiarane – nokre som nyleg har vore konfirmantar og nokon med lengre erfaring.

Laurdag før Allehelgensdag var det konfirmantdag i Øre kyrkje. Åse og Aud Toril leia samlinga saman med presten. Det vart undervist i ulike tema, og foreldre stilte med mat. Vi kikka også på kyrkjegarden og snakka om tankar og følelsar omkring død, gravferd, sorg og håp.



Foto PD



Foto PD

Fellesmøte

for sokneråda, dei tilsette og undervisningsutvalget vart halde heime i stova hos Agnes Reiten i haust. Dette er nyttige møte der vi kan sjå kvarandre, vere i lag, kose oss med god mat og ta opp aktuelle saker. I år var temaet Trusopplæring. Dette er viktig no, og det vart ikkje mindre aktuelt då vi veka etter møtet fekk høyre at vårt sokn får tildelt trusopplæringsmidlar frå og med neste år. Då er det godt å ha tenkt nokre tankar! Vår utfordring blir no å la tankane bli til planer og så setje planane ut i livet.



Foto PD

God jul!

Frå oss tilsette i kyrkja ønskjer vi alle i Gjemnes og Øre kyrkjelydar ei god og signa julehelg. Nokon av dykk har hatt tunge tak og sorg dette året. Vi ønskjer at alle får kjenne noko av adventstida si forventning til framtida og jula sin bodskap om håp, fred og frelse. God og velsigna julehelg til alle!

Temakveld.

Temakvelden som sokneråd og organisasjonar arrangerte i haust handla om Hans Nilsen Hauge og spor etter haugeianismen i våre bygder. Mykje interessant kom fram. Hauge-rørsla sette tydelege spor også i bygder og familiar i vårt nærrområde. Her gjekk ånds- og hånds-arbeid tett saman!

KRIK 11.

Vi kan rapportere at forsøksordninga vi har med Trusopplærings-prosjektet KRIK 11 rullar vidare. Det er Høgtun som gjennomfører dette. Og då Kyrkjebladet var innom for å sjå på forholda ein måndagskveld, var det full aktivitet med 25-30 unge i aksjon i gymsalen. Imellom slaga er det samling på golvet til andakt eller oppstart av ein ny lek. Og så blir det servert ostemørbrød – kvar gong!

All tekst PD



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Ny alterduk til Tingvoll kyrkje

Søndag 21. november fikk vi ny alterduk i kirka. Meisingset bygdekvinne lag har gitt en utrolig vakker alterduk. Den gamle begynte å bli slitt og de driftige damene fant ut at de ville pryde kirken med en ny. Arbeidet startet i 2007 med tilbud til soknerådet om de ønsket en slik duk, og det ville de gjerne ha. Bygdekvinne laget tok så kontakt med Rannei Rødset som mente at duken i Nordmørsdomen måtte sys i nordmørssaum som mange vil kjenne igjen fra bunadskjortene. De designet et eget motiv med kalk, kors, blomster og duer som er unikt for akkurat denne alterduken. Dette

måtte så godkjennes av biskopen. De fire som har brodert er Gunda M. Hanem, Målfrid Hanem, Aslaug Ulset og Målfrid Bølset. Ved innledningen til gudstjenesten ble alterduken lagt på for første gang. Hullsømmen trer fantastisk godt fram mot den mørkere filduken. Kari Høgset Indergaard mottok duken på vegne av soknerådet.

Tekst: GAAA



Foto: Adam



Foto: Adam



Spennende forestilling

Koreograf Per Roar Thorsnes gav tilhørerne i Tingvoll kyrkje en spennende opplevelse om kvelden tirsdag 23. november. Han hadde kreert dansen "Dette er min kropp" som ble framført for aller første gang. Per gav først de frammøtte utfordringen å bli kjent med sin egen kropp og vi kjente på hendene og kroppene våre mens vi beveget oss rundt i kirkerommet. Deretter danset først Kristianne Mo og deretter Peder Horgen før de to danset sammen. Jørgen Larsson hadde laget klangfulle lydbilder som fulgte dansere og fylte kirken. Det var en aldeles egen ro og intensitet i kirka som tydet på at folk var oppslukt av det de så. Det var veldig fascinerende øyeblikk.

Tema for framføringen var både myn-

tet på at vi alle har kropp som fungerer mer eller mindre godt og som brakte oss til kirken den kvelden. Men under dette la også ordene fra nattverden "Dette er Jesu legene" eller "Dette er Jesu kropp". Ordene som har lydd i kirka siden den ble bygget på 1100-tallet blandet seg på en måte med det flyktige som var over da dansen var slutt. Sammen med de "evige" og urørlige utskjæringene og maleriene i altertavla, fikk vi en påminnelse både om det flyktige livet og de evige sannheter.

Dette var første kveld i jubileet for altertavla i Tingvoll kyrkje. Dessverre måtte foredraget mandag gå ut på grunn av sykdom. Lørdag og søndags program er ikke gjennomført når dette skrives.

Tekst: GAAA Foto: Adam

Førjulskonserter i Straumsnes og Tingvoll.

Søndag 19. desember kl. 16:00:

I Straumsnes deltar jubilaranten Straumsnes Skolekorps, Microgospelkoret og Straumsnes Songlag.

I år blir også Voksenkorpset med.

Søndag 19. desember kl. 20:00:

I Tingvoll får vi høre Tingvollklang, Scala, Tingvollkorpset og Tingvoll kyrkjekor.

På begge konsertene får vi høre Tingvolls nye kulturkonsulent Line Nordsveen spille saxofon. Gled eder!

4. juledagskonsert

Også i år vil Tingvoll Kyrkjekor holde konsert 4. juledag, kl. 20:00. Anders Öhrwalls "Gaudete" står på programmet.

Lindsay Winfield-Chislett og Tove Elin Strand, fløyter og Bente Dyrhaug, fagott medvirker. I tillegg vil Lone Eines synge en avdeling med julemusikk.



Lone Eines og Oddveig Halle. Bildet er frå konsert i Stangvik kyrkje. Foto ERE



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
Telefaks 71 69 25 44
Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
E-post: stig@sunndal-kirke.no
Bildet: Middelaldarkrusifiks,
Romfo kyrkje

Glimt fra kirkelivet i Sunndal

Vanligvis holdes gudstjenestene etter den vanlige malen. I høst har det imidlertid vært noen gudstjenester som har vært litt utenom det vanlige.

Hov kirke

Den første gudstjenesten var familiegudstjeneste 17.oktober i Hov kirke. Tradisjonelt er den godt besøkt, og en viktig grunn til det, er invitasjonene som er sendt ut til fireåringene i sognet som skal få utdelt sin kirkebok.

Denne gangen var Hov Minigospel og Hov Barnegospel til stede for å spre sangglede. De fikk også hjelp av ivrige fireåringer som gjerne ville synge. På fremste rad satt stolte fedre som ville fotografere sine håpefulle. Sokneprest Helge Storset holdt preken med flanellograf, og etter gudstjenesten var det kirkekafe, noe som alltid er populært.

Romfo kirke

Søndag 31.oktober var menigheta i Romfo kirke samla for å markere at Arne Gjermund Arnesen hadde vært frivillig medarbeider i kirka i 30 år. I tillegg hadde han 54 årsdag, og det var en stor dag for Arne Gjermund. Ikke bare var menigheta samla, men også NRK var til stede for å gjøre opptak. Dette ble vist både på NRK Møre og Romsdal og Norge i dag dagen etter! Kakebordet som ble laga til etter gudstjenesten, var et bryllup verdig, og Dalen Mannskor brakte musikalske hilsninger både i gudstjenesten og på kirkekaffen. Opptådte gjorde også et sammensatt kor av jenter fra Grøa, Fale og Gjøre. Arne Gjermund har ansvaret for å dele ut salmebøker og ringe med kirkeklokkene i tillegg til at han har bønn for

gudstjenesten før den starter. Og aldri en dag har han vært borte fra gudstjenestene på disse tretti årene! For ei slik trofast tjeneste fikk han ei flott gave fra menigheta, nemlig et trefat med maleri av Romfo kirke.

Kirkejam

Ei uke senere, 7. november, var det dags for den etter hvert så tradisjonelle avslutninga av Kultursjokket i Sunndal.

Ei enkel gudstjeneste som markerer Allehelgensdag først, før menigheten får en solid dose kirkejammusikk sammen med kirkekaffen er ramma for denne kveldsgudstjenesten. I år var gladjazzgruppa Safari med, som består av musikere fra Surnadal, Sunndal og Oppdal. De spilte levende dixielandmusikk, og da Ricky Senn ga sine særegne tolkninger av blant anna «Oh When the Saints» og «Swing Low, Sweet Chariot», skulle man tro taket skulle lette av hans musikalitet.

Nevnes må også at Ola Bræin var til stede med munnspillet sitt, og Wok bidro med flott sang. Lone Eines fikk gleden av å avslutte kirkejamen med en tekst fra «Haugtussa» av Arne Garborg.

Etterpå har kultursjef Ole Magne Ansen uttalt at Sunndal er alene om å arrangere en slik kirkejam, men at andre menigheter gjerne må stjele ideen gratis!

Tekst/foto: Ingunn Karijord



Barnekorene fikk god hjelp fra ivrige fireåringer på familiegudstjenesten i Hov kirke.

Stor stemning i Ålvundeidkirka!

24.oktober arrangerte Ålvundeid menighet kulturkveld i kirka.

Det har etter hvert utviklet seg til en populær tradisjon at menigheten setter av en søndag i halvåret til et slikt arrangement. Vi kan kanskje si at kirkedørene åpnes på litt ekstra vidt gap ved disse anledningene, og bygdefolket møter opp.

Drøyt 90 mennesker hadde funnet veien til kirka denne kvelden og fikk oppleve Ålvundeid-kirka by på en nær og fin opplevelse. Det var flere sterke bidragsytere.

En trio bestående av Ole Kristian Gundersen på fiolin trekkspill og mer, Rune Tylden på orgel og piano og Benedikte Ranheim på vokal. De tre fylte kirkerommet med et lekent og godt program som spendte fra salmer til folketoner og improvisasjoner.

Mellom de musikalske seksjonene ble de tre avlöst av den legendariske Marie Lovise Widnes, som ga oss smil og viktige ting å tenke på, med sine dikt, kåseri og sang.

Stor takk til soknerådet og Nils Ulvund

Tekst/foto: Laskerud.



Et sammensatt kor av jenter fra Grøa, Fale og Gjøre opptådte i Romfo kirke da Arne Gjermund Arnesen blei feira.



Arne Gjermund Arnesen fikk et flott fat i gave fra Romfo menighet for hans trofaste innsats.



Rune Tylden, Benedikte Ranheim, Ole Kristian Gundersen og Marie Lovise Widnes



Jeg liker helst å være positiv til det som skjer i menighetene våre. Kirken er opptatt av trosopplæring for barn og unge som aldri før – med statlig støtte i millionklassen. Det er en utvikling som gir grunn til begeistring.

Men jeg kan ikke fri meg fra en nagende uro, midt i begeistring: Jeg spør meg selv om de bevisste og aktive troende i menighetene får næring nok til å vokse og modnes som kristne - og ta vare på stadig nye som legges til menighetene. Jeg håper at alle trosopplæringsprosjektene i Den norske kirke etter hvert vil bidra til at kunnskapsnivået øker og gir hjelp til modning og vekst i kristenlivet. Det er bedrøvelig om man på kirkelig hold isolerer behovet for opplæring i troens saker til den oppvoksende slekt. Vi trenger sårt "søndagsskole for voksne"!

Kirken er blitt flinkere til å få kirkefremmede til å kjenne seg sett og bekreftet. Vi lykkes jo på en måte som folkekirke med gudstjenestene våre, men vi blir for spinkle i trosopplæringen og bibelundervisningen. Ändelig grovbrød serveres veldig sjelden i gudstjenestene. Jeg ber ikke om tung teologi. Men jeg merker hvor glad jeg blir når

for eksempel noen forteller meg om hva i all verden Paulus mener når han i Romerbrevet skriver om dåp til død- og oppstandelses-samfunn med Kristus. Forkynnelse som går i dybden får vi alt for lite plass til, klemmt som vi er mellom familie-gudstjenester og konfirmantpresentasjoner og lignende. Mange menigheter får trosopplæringen til å fungere for de yngste, men hele livet skulle jo være en livslang læring. Vi må ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse!

Hvor får vi bibelundervisning som går i dybden? Hvor får vi hjelp til de vanskelige valgene som vi alle utfordres av? Katekismeundervisningen er borte. Bibellesningen er spinkel hos de fleste. Bibel- og samtalegrupper blir det færre og færre av. Tradisjonelle husbesøk hos syke og gamle er nesten kommet bort. Og bedehusene står tomme.

Menigheter som greier å få til noe som ligner livslang læring er mangelvare. Start gjerne med "søndagsskole for voksne", men glem ikke ändelig grovbrød i gudstjenestene! Det må kunne gå an å servere sikringskost uten at gudstjenesten blir tungt

fordøyelig og langdryg.

Jeg har delt en uro med dere. Det er ikke fritt for at jeg kjenner på en snikende depresjon også: Det er stadig flere i kirken som har lagt seg til et vokabular i forkynnelse og undervisning der dåpens betydning blir poengtert på en måte som kan gjøre både trosopplæring og vekst i kristenlivet overflødig. Og det på tross av at Jesu ord om å døpe og lære å holde også gjelder for en folkekirke. For en luthersk kirke som til alt overmål er en åpen folkekirke, er det både teologisk og pedagogisk riktig nok å vektlegge Guds gave og nåde i den hellige dåp. Dåpen i Guds navn gir frelsens gave. Visst skal vi minne om gaven vi engang fikk, men vi må ikke glemme forpliktelsen til opplæring og innlevelse i tro og liv.

Smått om senn kan forsømmelsene her lede til en ny dåpsteologi: Alle døpte barn er Guds barn – uansett om de tror eller ikke, banner i stedet for ber, om de forneker eller bekjenner. Blir dette det rådende dåps-synet, hvorfor driver vi da trosopplæring og menighetsarbeid – annet enn som seremonistere?

Magne J. Bergslid

Kyrkjennytt

Lys over Hov kirke

Ny og utvidet belysning av Hov kirke. Det er nå utvidet med ny lyskaster fra prestegårdssiden og skiftet over til mer miljøsparende pærer. Tilbakemeldingene til kirkevergen er at dette har blitt vellykket. (Sjå bilde på framsida)

Kirkens SOS i Møre og Romsdal.

«Orker ikke mer.» Det finnes en del av deg som fortsatt orker mer. Vi hjelper deg med å finne den.

Kirkens SOS er Norges største døgnåpne krisetjeneste på telefon og på internett.

Vi er mennesker med lang erfaring i å lytte til og støtte andre. Du når oss døgnet rundt på vaktlf. 815 33 300, og du trenger ikke presentere deg. Passer det bedre å skrive en melding, gjør du det på kirkens-sos.no. Vi skriver tilbake. Vi er her. Alltid.



Dette er kirka vår!

Folket har uttalt seg; i hvert fall 25% av sognets innbyggere. De har svart på 27

spørsmål om den lokale kirka her i Øksendal. 14 stk har blitt intervjuet. Tidslinjer er blitt tegnet og statistikk er studert. Og resultatet er sendt til forskere i Oslo! Hva har vi funnet?

Hele 94 % synes det var en positiv opplevelse sist de var i kirka! 98% setter spesielt pris på å være i kirka ved de store anledninger i livet! Vi ser at folk er glad i kirka si; bygningen, gravstedet betyr mye og samlingene ved de store anledninger.

Men utfordringer har vi også. Særlig når det gjelder kirkens betydning for hverdagsliv og hverdagstro. 33% opplever ikke at "kirken utfordrer meg på hvordan jeg skal leve". 40% blir ikke styrket i til-liten til og tro på Jesus når de er i kirken. Ateister er det få av. Bare 16 % sier at de ikke tror på Gud (9,5% at de ikke er kristen). Samtidig er troen usikker. Bare 13% gir uttrykk for en trygg eller sterk tro. De aller fleste ligger midt i mellom.

Dette er bare del 1 i prosjektet "Menighetsutvikling i folkekirken". Poenget er ikke først og fremst den vitenskapelige undersøkelse, men det er å lytte. Hvor er vi? Del 2 har vi bare så vidt begynt på, men er minst like spennende: Hvor går veien videre?

Hvilke svakheter skal vi arbeide mer med? Hvilke styrker skal vi bygge videre på?

Så følg med, følg med i saga om kyrkja i Øksendal!

Les hele resultatet av undersøkelsen her "<http://sites.google.com/site/oksendal-soknerad>" eller send mail til kapellan2@sunddal-kirke.no

Boye

Jeg setter spesielt pris på å være i kirken ved de store anledninger i livet, slik som dåp, konfirmasjon, vielse, begravelse

Navn	Antall	%
A. helt enig	61	85,9
B. litt enig	9	12,7
C. litt uenig	1	1,4
D. helt uenig	0	0
Total	71	100

Svarfrekvens	
100%	
(71/71)	

Neste nummer kjem veke 7. Frist for innsending av stoff er 27. januar.



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

Gudstenestelister

3. søndag i advent, 12. desember

Jes 35,3-10

Valsøyfjord kirke kl.19:00	Sanggudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.
Hov kirke. kl. 11:00	Nattverd Boye
Hov kirke. kl. 17:00	Julekonsert.
Kyrkjelydshuset, Skei kl. 11:00	Gudstenestleg møte. NLM
Ranes kyrkje kl. 16:00	"Vi syng jula inn". Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.
Todalen kyrkje kl. 15:00	"Vi syng jula inn". Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid
Åsskard kyrkje kl. 19:30	"Vi syng jula inn". Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid

Onsdag 15.12.

Hov kirke. kl. 10:00 Holten barnehage

Torsdag 16.12.

Hov kirke. kl. 10:00 Villabyen / Tredal barnehager

Fredag 17.12.

Øre kyrkje kl. 9:00 Gudsteneste. Elevar frå Batnfjord skule deltek.
Rindal kirke kl. 19:30 Julekonsert.

4. søndag i advent, 19. desember

Joh 1,19-27

Lomundsjø bedehus kl.11:00	Familiesamling. Lene Gåsvatn. Takkoffert til IKO. Nordvik
forsamlingshus kl. 11:00	Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Sjømannsmisjonen. Kaffeservering.
Surnadal sjukeheim kl.11:30	Nattverdgdusteneste. L.E.Grutle.
Straumsnes kyrkje kl 16:00	Førjuls konsert Kor og korps
Tingvoll kyrkje kl. 20:00	Førjuls konsert Kor og korps
Øre kyrkje kl. 15:00	Julekonsert. Lokale kor og korps og elevar frå kulturskulen.

Tirsdag 21.12.

Alle kirker i Sunndal: Gudstenester med skulane (Sjø avisene)
Øre kyrkje kl. 08:30 Gudsteneste. Elevar frå Torvikbukt skule deltek.
Osmarka kapell kl. 09:50 Gudsteneste. Elevar frå Angvik skule deltek.

Julaften, 24. desember

Luk 2,1-14

Halsa kirke kl.14:00	Gudstjeneste ved prost Tormod Sikkeland. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Valsøyfjord kirke kl.15:30	Gudstjeneste ved prost Tormod Sikkeland. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Rindal kirke kl. 15:00	Familiegudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Gjøra kapell. kl. 15:00	Julaftensgudsteneste. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Hov kirke. kl. 15:00	Julaftensgudstjeneste. Boye. Takkoffer og kl.16.

Ålvundeid kyrkje. kl. 15:00	Laskerud. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Hov kirke. kl. 16:00	Laskerud. Takkoffer
Øksendal kyrkje. kl. 16:00	Julaftensgudsteneste. Boye Takkoffer til Frelsesarmeen.
Ranes kyrkje kl. 13:00	Julekveldsgudsteneste. Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Ranes kyrkje kl. 15:00	Julekveldsgudsteneste. Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Mo kyrkje kl. 13:00	Julekveldsgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Åsskard kyrkje kl. 13:30	Julekveldsgudsteneste. Venås. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Todalen kyrkje kl. 16:00	Julekveldsgudsteneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Straumsnes kyrkje kl 14:00	Familiegudsteneste. Sokneprest Cathrine Grutle. Straumsnes skolekorps Offer Redd Barna
Tingvoll kyrkje kl 16:00	Familiegudsteneste. Sokneprest Cathrine Grutle.
Gjemnes kirke kl.14:00	Julaftensgudstjeneste. Dahle. Gjemneskoret. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Osmarka kapell kl.16:00	Julaftensgudsteneste. Dahle. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Juledag, 25. desember

Joh 1,1-5[6-8]/9-14

Halsa kirke kl.11:00	Høytidsgudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Normisjon.
Rindal kirke kl. 11:00	Høytidsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
Øvre Rindal kapell kl. 13:00	Høytidsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
Hov kirke. kl. 11:00	Storset
Romfo kyrkje. kl. 11:00	Takkoffer til Søndagsskolen i Romfo.
Ålvundeid kyrkje. kl. 13:00	Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
Øye kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Stangvik kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Tingvoll kyrkje kl.11:00	Høgtidsgudsteneste. Prost Gerd Anne Aarset. Tingvoll kyrkjekor
Øre kyrkje kl.11:00	Høgtidsgudsteneste. Dahle. Blåsegruppe. Takkoffer til Det norske misjonsselskap

Andre juledag (Stefanusdagen), 26. desember

Matt 10,17-22

Straumsnes kyrkje kl 11:00	Høgtidsgudsteneste. Prost Gerd Anne Aarset. Straumsnes songlag. Offer egen menighet
Gjemnes kirke kl.11:00	Høytidsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Kirkekaffi

Tirsdag 28. desember

Tingvoll kyrkje kl 20:00 Julekonsert Tingvoll kyrkjekor og musikere

Torsdag 30. desember

Surna bedehus kl. 15:00 Juletreffest m/Jubilate

Nyttårsaften, 31. desember

Jer 29,11

Valsøyfjord kirke kl.16:00	Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Ungdom i oppdrag.
Ålvundeid kyrkje. kl. 22:00	Gudstjeneste Takkoffer til Misjonsalliansens prosjekt i Ecuador.
Todalen kyrkje kl. 16:00	Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Todalen sanitetsforening
Gjemnes kirke kl.11:00	Høytidsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Kirkekaffi.
Straumsnes kyrkje kl 16:00	Høgmesse Prost Gerd Anne Aarset
Tingvoll kyrkje kl 18:00	Høgmesse Prost Gerd Anne Aarset
Øre kyrkje kl.22.00	Gudsteneste ved årsskiftet. Dahle.

Nyttårsdag (Jesu navnedag), 1. januar

Luk 2,21

Kristi åpenbaringsdag, 2. januar*Matt 2,1-12*

Rindal kirke kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer
Grøa bedehus. kl. 11:00	Gudstjeneste
Øye kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. L.E.Grutle. Takkoffer.
Øre kyrkje kl.11:00	Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Kirkens SOS.

1. s. e. Kristi åpenbaringsdag, 9. januar*Matt 3,13-17*

Valsøyfjord kirke kl.11:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm.
Halsa kirke kl.14:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm.
Øvre Rindal kapell kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Ranes kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. L.E. Grutle. Takkoffer
Stangvik prestegard kl. 11:00	Gudsteneste. Venås. Takkoffer
Flemma kl.15:00	Søndagsskulegudsteneste. Dahle m.fl.. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets.

2. s. e. Kristi åpenbaringsdag, 16. januar*Joh 2,1-11*

Rindal Eldresenter kl.11:00	Gudstjeneste. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Gudsteneste
Åsskard kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer
Straumsnes kyrkje kl 11:00	Høgmesse Nattverd. Sokneprest Cathrine Grutle
Tingvoll kyrkje kl 16:00	Høgmesse Nattverd. Sokneprest Cathrine Grutle
Øre kyrkje kl.11:00	Høgmesse. Nattverd. Dahle. Høgtun deltek. Takkoffer til Høgtun.

3. s. e. Kristi åpenbaringsdag, 23. januar*Joh 4,46-54*

Valsøyfjord kirke kl.11:00	Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Romfo kyrkje. kl. 11:00	Gudsteneste
Ranes kyrkje kl. 11:00	Familiegudsteneste. L.E. Grutle. Utdeling 4-års bok. Takkoffer
Todalen kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer Tingvoll
kyrkje kl.11:00	Høgmesse.Prost Gerd Anne Aarset
Gjemnes kirke kl.11:00	Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets. Kirkekaffi.

4. s. e. Kristi åpenbaringsdag, 30. januar*Matt 8,23-27*

Halsa kirke kl.11:00	Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.
Rindal kirke kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Gudsteneste
Øye kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Takkoffer.
Stangvik kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer
Straumsnes kyrkje kl 11:00	Familiegudsteneste Sokneprest Cathrine Grutle. Tårnagent
Øre kyrkje kl.11:00	Familiegudsteneste. Dahle. OBS for tårnagentar! Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrjekaffi.

Onsdag 2.februar

Tingvoll kyrkje kl.11:00	Høgmesse.Prost Gerd Anne Aarset
--------------------------	---------------------------------

5. s. e. Kristi åpenbaringsdag, 6. februar*Matt 13,24-30*

Gjøra kapell. kl. 11:00	Gudsteneste
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Mo kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. L.E.Grutle. Takkoffer
Osmarka kapell kl.11:00	Gudsteneste. Dahle. Takkoffer til Osmarka kapell.

Vingårdssøndagen, 13. februar*Matt 20,1-16*

Valsøyfjord kirke kl.11:00	Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Gudsteneste
Åsskard kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Venås. Takkoffer
Straumsnes kyrkje kl 11:00	Høgmesse. Sokneprest Cathrine Grutle
Angvik bedehus kl.11:00	Gudsteneste. Dahle. Takkoffer til Norea mediemi sjon.

Såmannssøndagen, 20. februar*Luk 8,4-15*

Halsa kirke kl.11:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm.
Hov kirke. kl. 11:00	Gudstjeneste
Romfo kyrkje. kl. 11:00	Gudsteneste
Øye kyrkje kl. 11:00	Familiegudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer
Todalen kyrkje kl. 11:00	Gudsteneste. Venås. Takkoffer
Tingvoll kyrkje kl.11:00	Gudstjeneste. Prost Gerd Anne Aarset
Straumsnes kyrkje kl 16:00	Gudstjeneste. Prost Gerd Anne Aarset
Øre kyrkje kl.11:00	Familiegudsteneste Dahle. Bibelutdeling til 5.-klassingane. Takkoffer til Det norske bibelskap. Kyrjekaffi.
Gjemnes kyrkje kl. 16:00	Familiegudstjeneste. Dahle. Bibelutdeling til 5.-klassingene. Takkoffer til Det norske bibelskap. Kirkekaffi.

Lausannekonferansen

På Den store misjonskongressen i Cape Town gir sluttdokumentets første del ei teologisk forklaring på den kristne trua. Den andre delen omhandlar den meir praktiske utfordringa til den globale kyrkja. Konferansen var så enig i synet på samlivsetikken at dei kunne konsentrera seg om andre sider ved den bibelske budskapet. Men lutherske kyrkjer i sør, som er av verdas største, åttar kyrkjene i nord mot å opna for kyrkjeleg legitimering av partnerskap mellom personar av same kjønn, og vil evt seia nei til offisielle besøk frå desse kyrkjene. (Ref. VL)

Nytt kyrkjeråd

Det nyvalde kyrkjerådet får mange store saker. Den største og mest krevjande er vel stat/kyrkjesaka som departementet ønskjer å forsera med to år, og som blir ei sentral sak på Kyrkjemøtet i april neste år for vidareføring. Andre store saker er ny salmebok, gudstenestereform, liturgireform og trusoppplæringsreformen.

Kontroll av kyrkjer

Kontroll av kyrkjene avdekkjer store manglar som vil koste 10-12 milliardar å utbetra. Det blir i dag brukt 600 mill kroner til vedlikehald og restaurering av norske kyrkjer.

Unådde folkegrupper

3.000 folkegrupper er enno ikkje nådd med evangeliet, omlag 600 mill menneske. Av jordas 6,6 milliardar er berre omlag 1/3 kristne. Av verdas 8.000 språk har berre drøyt 400 ein heil bibel. Meir enn 3.000 språk har ikkje eit einaste bibelvers på sitt språk.

(Ref: Global Christianity Center)

Kristne i sør

Dei kristne på den sørlege halvkula utgjør no to tredelar av heile verdas kristne.

Andakt

Ære være Gud

«Ære være Gud i det høyeste og fred på jorden blant mennesker som har Guds velbehag!» Luk 2

Englesangen da Jesus ble født, rommer hele juleevangeliet. Man merker det kanskje ikke med en gang, men hvert ord er fylt til randen med evangelium. Det er derfor den sangen stadig gjentas i hver høymesse.

Ære være Gud – det er ikke en helt god oversettelse. Ordet «ære» står for noe som knapt kan uttrykkes på vårt språk. Det er Guds herlighet, hans utsigelige vesen, dette som på en gang fortryller og får oss til å skjelve. Noe som fyller oss med lykke og drar oss til seg; samtidig som det får oss til å skjule våre ansikt. Det er det lys som vårt jordiske øye ikke tåler, det lys dit ingen av oss kan komme. Da Jesaja fikk se et glimt av det, sa han: «Ve meg, jeg er fortapt. Jeg har urene lepper.»

Vi skulle egentlig vært utestengt fra dette lys for alltid. Men nå skjer det store under, Gud stiger ned på jorden. Ikke i fortærende glans, men i skikkelse av et nyfødt menneskebarn. Og nå synger himmelens engler, forundret, betatt, lykkelige over dette under. Æren tilhører Gud, sier de. Hos ham finnes makten og herligheten, den som fyller alle himler med lovsang. Men nå stiger den ned på en slik måte at den bereder fred på jorden.

Fred er også et slikt innholdsmettet ord som er vanskelig å oversette. Det betyr både glede og fred. Det vil angi en harmoni, en herlig og trygg ordning, den gode ordning som Gud en gang inngjød i skapelsen, men som er gått tapt. Nå skal den gjenreises. Alt skal bli godt igjen. Forlatelsen, fornyelsen, den guddommelige barmhjertighetens gode krefter senker seg ned over menneskene – over «velbehagets mennesker». Det er slik det står. Guds gode

behag, hans farskjærlighet, hans frelsesvilje, hans barmhjertighet som ikke går trett av å tilgi, omslutter nå menneskene. Nettopp de falne, utstøtte, mislykkede og dårlig behandlede. Det var ingen tilfeldighet at nettopp hyrdene fikk det budskapet. De hørte til bunnskiktet i samfunnet. De fikk ta det arbeid som ingen andre ville ha. Det var derfor de holdt vakt om natten, mens Betlehems borgere sov i sin gode søvn.

Herre, du er ære verdig. Du alene er hellig. Du er kommet til oss, like ned iblant oss, så langt at ingen kunne være dypere nede eller lenger borte. Velsignet være du for din godhet, for ditt velbehag til oss mennesker. Amen

Fra Bo Giertz: «Å tro på Kristus», norsk oversettelse ved Åse Andersen – Sambåndet forlag

DØYPTE — VIGDE — DØDE

Døyppte

HALSA

31.10. Iver Hjertaker.
10.10. Oliver Stormo Svendsen.
10.10. Emma Holten Fjærli.
10.10. Trygve Henden Kroknes.
29.08. Lena Viktoria Yue Willumsen Jørgenvåg. Døpt på Megardssetra.

VALSØYFJORD

21.11. Elise Sannes Marthinussen.
21.11. Ole Magnus Eggen Sæther.
26.09. Emrik Gundersen-Sæther.

RINDAL

17.10. Siri Maria Røen Nylenden (sokner til Høylandet menighet)
07.11. Synne Therese Bjørnstad
07.11. Vilde Fyrileiv (døpt i Meldal kirke)

ØVRE RINDAL

24.10. Ellinor Mathisen Asphaug

HOV

24.10. Marcus Kvamme Børset
21.11. Mie Halvorsen Skar
21.11. Ingrid Utne
21.11. Lucas Løvik Bele (døpt i Åsskard kyrkje)

ROMFO

21.11. Sigrun Jørgensen Ørsund

ÅLVUNDEID

07.11. Erik Nes

ÅSSKARD

10.10. Varg Heggem Sæterbø
10.10. May Hilde Åsgård Bø

ØYE-RANES

24.10. Victoria Bjørkmann Øye

MO

10.10. Emma Holten Fjærli (døpt i Halså)
17.10. Ildri Fugelsøy
17.10. Maja Lervik Fiske

STANGVIK

17.10. Olav Gjeldnes

TODALEN

24.10. Synne Skogseth Husby
24.10. Brage Johannessen Strand

TINGVOLL

17.10. Nora Gjøvikli
17.10. Mali Fossum Bergem
21.11. Luwam Nghrmay Hailu
21.11. Nora Emilie Øyen

ØRE

17.10. Alexander Hestmark Dimovski
31.10. Dante Emanuel Sætre Johansen
07.11. Jøran Aleksander Heggemsli (døpt i Osmarka kapell)

Vigde

RINDAL

16.10. Kari Margrete Fjellstad og Per Erik Kvam

ÅLVUNDEID

10.10. Lone Fossum Bråten og Knut Johan Mo

STANGVIK

10.10. Rita Marian Kvande og Egil Nedal

Døde

RINDAL

21.10. Jonna Romundstad f. 1918

HOV

07.10. Lars Martin Hauglum f. 1961
12.11. Oddvar Martin Jenssen f. 1936

ØKSENDAL

31.10. Guro Engelstad f. 1921
17.11. Einar Sæther f. 1917

ØYE-RANES

01.11. Sigvart Bævre f. 1916
04.11. Harry Osvald Blåsmo f. 1931

MO

16.10. Borghild E. Moen f. 1920
09.11. Ola Aunebakk f. 1918

TINGVOLL

05.10. Brit I Solli f. 1927
17.10. Torbjørn Solli f. 1952
07.11. Ragnar Dybvik f. 1917
08.11. Bjørg Bruu Fløystad f. 1920
11.11. Norvald Farstad f. 1926

STRAUMSNES

31.10. Gudrun Grimstad f. 1920

ØRE

13.10. Odd Jostein Strand, f. 1963

GJEMNES

27.10. Mikal Gunerius Didriksen, f. 1929
12.11. Knut Toralf Berge f. 1927
17.11. Gunnar M. Stokke f. 1913



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

STÅ-PÅ -PRIS

Det var i oktober at Inger Karin Foseide ble overrumplet i Halsahallen og tildelt Valsøyfjord Bygdekvinne-lags Stå-på – pris. Mottakeren ble «kidnappet» med i siste liten til kostholdskurset. - Ja, ei dame kom og ringte på døra mi og sa at jeg måtte bli med på kostholdskurset til Berit Nordstrand fordi det var så lite framømte. Jeg satt og kosa meg hjemme og var absolutt ikke klar for noe tur ut den kvelden. Men til slutt fikk ho overtalt meg til å bli med til hallen. Og inne i Halsahallen møtte det meg en fullsatt sal. Jeg tenkte det var litt rart, siden ho som henta meg fortalte at det var lite oppømte. Så jeg tenkte faktisk på å dra hjem igjen. Men igjen overbeviste ho meg om at når vi først hadde kommet måtte vi vertfall bli til pausen.

Det var i pausen at Anne Jenny Rodal og Solvår Skogen Sæterbø inntok sena. Det har landa en ufo her i kveld begynte de to damene med.

Og en ufo ble det, for da Inger Karin Foseide skjønte at ho var tildelt årets Stå-på – pris, mistet hun både munn og mæle.

En sjokkert og rørt Stå-på – prismetaker tok imot klippfisk – kjerringa som symbol på stå-på – vilje.

Inger Karin Foseide fikk årets stå-på-pris på grunn av sitt frivillige arbeid med Korvetten og Søvasslia leirsted samt sin innsats i Halså og Valsøyfjord musikkorps.

Inger Karin Foseide kom flyttende til Halså i 1989, og allerede i 1990 ble ho med og hjalp til i Korvetten sammen med Elin




Inger Karin Foseide fikk årets stå-på-pris av Valsøyfjord Bygdekvinne-lag. Her flankert av Anne Jenny Rodal og Solvår Skogen Sæterbø.

Vøllestad Blomstrøm.

Korvetten har siden oppstarten i 1990 på det meste vært mellom 50 – 60 barn. Og de to primus motorene Inger Karin Foseide og Elin Blomstrøm forteller mens de ler hjertelig at hjemmene deres bærer preg av at de har hatt mange barn innom og at de har brukt opp flere voksduker som har vært under bruk ved de ulike aktivitetene på Korvetten.

Av Irene Røe Vaagan



Halså kyrkje i logo.

Halså med

Endeleg er Halså kyrkje kome med på Kyrkjebladets vignett, der hovedkyrkja i kvart prestegjeld er teikna inn. Dermed måtte vi fjerna Øksendal, som ikkje lenger er eige prestegjeld. Tru kor mange som registrerte dette på forrige blad? Eller som veit kven dei andre kyrkjene er?

Kyrkjebladet takkar kunstnar Rita Backer Hjorthaug som har laga fint utkast av Halsåkyrkja og Prosit Design som samordna det.



Anna Hosetstuen, Fredrikk Røe, Inger Karin Foseide, Ashild Foseide og Elin Vøllestad Blomstrøm synes Korvetten på Halså er topp.



Inger Karin Foseide hjelper Anna og Fredrikk med å male på julehjerter.



SURNADAL

Øye - Mo - Ranæs

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sogneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranæs kyrkje - Stangvik kyrkje



Misjonsdag i Surnadal

Gudstenesta i Øye kyrkje søndag 14. november, som var «dei forfølgde kristnes søndag», var også satt av til misjonsdag i Surnadal. Vikarprest Leif Endre Grutle greidde å halda fokus på begge deler ved preike, salmar og forbøner. Etter gudstenesta var det middag og program på Kyrkjelydshuset der det også var avskjed for misjonær Anna Sæther som kort tid etter reiste ut att til sin 8. periode på Taiwan for NLM.

Grutle orienterte om Edinbourghjubleet, misjonskongressen i Cape Town og misjonssituasjonen i verda i dag.

Nils Magnar Torvik gav ein grei oversikt over misjonsforeningane i Surnadal før og no. For nokre år sidan var det 29 misjonsforeningar berre for NMS i Surnadal og Stangvik.

Tekst/foto: ERE

Sprudlande songkveld på bedehuset!

Ingen kunne tru at vi var inne i den mørkaste årstida når vi opplevde slik frisk, sprudlande gladsong som vi gjorde på Rindal bedehus denne tirsdagkvelden i november! Gruppene rundt organist Daniel Bjørlo, Ungdomsbandet Jr. og Salt & Pepper, hadde invitert til sangkvelden.

Begge gruppene song kvar for seg og i lag, og det var mykje allsong der forsamlinga fekk synge gamle, kjente songar, og vi fekk prøve oss på nyare songar. Husbandet som akkompagnerte allsongen bestod av Daniel Bjørlo, Olav Tørset og Magne Lillegård. Foreldra sørga både for mat til kaffe'n og gevinstar til utlodninga, som gav over 3000 kr til musikkalsk arbeid i kyrkjelyden.

Tekst/foto: OleT



Salt & Pepper



Ved bordet frå venstre: Sverre Hatle, Leif Endre Grutle, Oddveig Helset Halle, Anna Sæther og Randi Hatle



Ved ein jubileumsfest høyrer det med fin bevertning og jubileumskake. Eldste medlem Kristine Melhus (over 90 år) sammen med formann Johanne Rodal.



Kvanne Samemisjonsforening feira 90-årsjubileum. Medlemmer i den er Gunvor Flaa, Johanne Røsand, Kristine Melhus og Johanne Rodal. Olga Gjeldnes var ikkje til stades.



Begge gruppene.

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Nattverd og natteliv.

Det er nå slik det skal vera når 32 rindalskonfirmanter er på leir. Søvasslia på Hemnkjølen er passe langt heimanifrå og passe langt ifrå folk til at me kjem nært innpå kvarandre. Og vil me håpe: Nært innpå Jesus òg.

Leir skal vera undervisning, men òg lek og moro. Det skal vera aktivitet ute med samarbeid både i klatretårn og edderkoppnett, men òg andakt rundt stearinlyskors og nattverdbord. Så høyrer det òg med måltid med både bord- og takkevers, eit par godnatt-historiar, gitarspell og trommetraktering, drama og natteliv i begrensa omfang.

Når Rindalskonfirmanter er på leir, blir dei lagt merke til på ein god måte. Det må vera noko med oppsedinga i heim og skule som er tilstrekkeleg solid til at både leirleiarar og prest kan nyte godt av det. Tusen takk for flott leir, og vel møtt som hjelpeleiarar ved neste høve.

Lene

Misjonærinnviing

I slutten av oktober var det misjonærinnviing i Molde Domkirke med to unge med relasjonar til indre Nordmøre i sentrum. Bente Iversen Foseide, med far Birger frå Rindal og Knut Iversen Foseide, med mor Bodil f.Sæther frå Surnadal, vart innvigde til misjonærar for Misjonsalliansen. Like etterpå reiste dei til Kambodsja der dei skal vere rådgjevarar i eit NORAD-støtta prosjekt som har som mål å bekjempe fattigdom og arbeide for utvikling. No er dei på plass i Pnom Penh, og du kan følgje med dei og lese meir om dei på bloggen www.kambodjalive.no.

Bente har studert filosofi og sammenliknande politikk i Bergen og Montreal i Canada, og ho har ein master i freds- og konfliktstudier. Ho har også eit år på Hald internasjonale senter der ho jobba for Strømmestiftelsen i Peru i 7 månader.

Knut har studert kristendom på MF og pedagogikk på universitetet i Oslo i nokre år og tok feltarbeid i Colombia i samband



Ny kyrkjerådsleiar

Svein Arne Lindø, 57 år, er av Kyrkjemøtet vald som ny kyrkjerådsleiar etter Nils Tore Andersen. Lindø bur i Sandnes, der han er omsorgssjef i kommunen, er utdanna diakon og har vore misjonær i Bhutan for Santalmisjonen, seinare leiarstillingar i misjon, sjukehus og kommune, medlem av Kyrkjerådet i fire år. Han er gift og har tre gjenlevande born, etter å ha mista eit barn i Bhutan. Han vart vald med ei røysts overvekt mot Kristin

med masteren i utdanning og utvikling. Han har også eit halvt år i Dar es Salam i Tanzania som utvekslingsstudent.

Denne bakgrunnen skulle gjere begge godt skikka til internasjonalt arbeid, og dei er eit godt eksempel på dagens moderne misjonærar. På baksida av dette bladet er det ein samtale med ein annan misjonær, og ho er tante til Knut!

Tekst og foto: OleT



Med familie

Gunnleiksrud og Ola T. Lånke.

Kjetil Aano vart attvald som leiar av Mellomkyrkjeleg Råd.

ERE

Misjonsfeiring i Møre

Bispedømet ved misjonsrådgjevar Liv Anne Bjerkeland arrangerte det store ungdomsopplegget «Slavegospel» 16. oktober i Ålesund.

ERE



Bente Iversen Foseide og Knut Iversen Foseide

Surnadaling til Kinamisjon på Taiwan

Ein kjenner angen av gammel Kinamisjon i møte med Anna Sæther på Kinarestauranten i Surnadal før ho reiser ut att for Norsk Luthersk Misjons-samband til sin åttande periode som misjonær på Taiwan. Ho er tydeleg stamgjest som kommuniserer på flytande kinesisk.

Kva får ei 62 årig dame til å reisa ut att til ein treårsperiode, til tross for helseproblem og eit tett reiseprogram her i Norge? «Dette blir kanskje min siste periode og eg ynskjer å besøka kyrkjene på gamlefeltet i Hunanprovinsen i Kina. Der er det enno folk som hugsar dei gamle kinamisjonærane. Der kan vi ha vekelange bibelkurs. Eg skal også besøka Sør-Kina sammen med prestar frå kyrkjene i Hong Kong. Eg håper å få gjort meir,» seier Anna, «det er eit skrikande behov for opplæring i bibelkunnskap og menighetsfellesskap i område der det har vore store vekkingar, men uryddige kyrkjeforhold. I samarbeid med medarbeidarar frå Taiwan kan eg ha store muligheter fordi eg har vore så lenge og har fått tillit. Eg ynskjer å vera ein medvandrar. Eg føler eg ikkje har avslutta tenesta enno.»

Anna har heile tida vore aktiv i kristent lagsarbeid for

studentar i Taipeiområdet, som ein slags landssekretær som har arrangert leirar og fellesskap. Ho har og reist rundt til menighetene i området i Kina der kyrkja har vakse fram frå NLM sitt misjonsarbeid.

I samarbeid med kyrkja på Taiwan sender misjonen 7 kristne radioprogram inn til Kina kvar dag, men også program for Taiwan, program som det blir sendt opptak frå gjennom mange radiostasjonar verda rundt. Dessutan støttar misjonen utviklingsprosjekt i samarbeid med Norad, t.d. aidsarbeid i landsbyar med mykje aids. I ein landsby hadde alle sjukdomen.

«På Taiwan er det enno store utfordringar i å byggja opp menigheter og vera med dei i evangelisering. Eg skal spesielt inn i oppgåver der eg skal ta meg av unge leiarar og arbeida sammen med dei. Taiwan har vorte svært materialistisk, men dei gamle religionar med sine ofringar for å få lukke og rikdom står enno sterkt, og kringkastninga har over 30 religiøse TV-kanalar, men dei forkynner ikkje fellesskap med Gud.»

Anna er og svært interessert i den verdensvide misjonssørsla, ikkje minst den store misjons-

konferansen i Cape Town, der dei kinesiske kristne ikkje fekk vera med på grunn av at husmenighetene («undergrunnskyrkja») var invitert.

«Det er viktig å sjå kor stor bevegelse vi er og kor den tredje verda no kjem med stor evangeliseringsglød,» seier Anna med begeistring. «Tenk på dei hundre åra, kor fantastisk kva som har skjedd, at evangeliet har nådd så langt at misjon no står sterkt i misjonslanda, at dei sjølv misjonerer og evangeliserer! Det var fint å høyra at kristne i sør formaner kyrkja i nord til å halde fast på Guds ord.»

Anna har også stor tru på at fredsprisen var riktig for å setja situasjonen for dei undertrykte og forfylgde minoritetane i fokus. Fredsprisvinnar Liu Xiao-Bo har også tala dei forfylgde kristne si sak. Men ho meiner at situasjonen for dei kristne i Kina er betre no, i alle fall offisielt.

Anna er glad i Den norske kyrkja, som ho tilhøyrrer, og tykkjer det er fint om organisasjonane kan samarbeid med kyrkja for å formidla misjonsengasjement. Men ho legg ikkje skjul på at det er flott å koma i ein menighet i Kina med fleire tusen samla fleire gonger for dag.

Ho er ikkje redd å reisa ut att til ein livssituasjon der ho har opplevd kraftige jordskjelv i 12. og 16. etasjer, der mykje av egedelane hennar vart knust.

«For meg er livet Kristus, og døden ei vinning. Eg får reisa ut og peika på Kristus, som er min beste ven i livet og sigerherre over døden. Eg får møta menneske og dela med dei det som er mitt berekraftige håp: Evangeliet gir den nåde eg og alle andre treng for liv og død. Eg har sett at det forandrer liv også blant kinesarar.»

Tekst/foto: ERE



Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81
E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgiro nr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit Design og
Kommunikasjon as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå menyen øvst til venstre på nettstaden